



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/424-1

Årsmelding for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 2017

Framlegg til vedtak:

1. Årsmelding 2017 vert godkjent
2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møte den 5. februar 2018
3. Fylkesrådet ber administrasjonen om å legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen
4. Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til fylket sine kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Vedlegg:

Årsmelding 2017

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Årsmeldinga skal gi ei nøktern oversikt over rådet sitt føremål, samansetjing og aktivitetar i året som har gått.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen. Rådet skal handsame saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne, med tanke på å gjere kvar dagen enklare for dei. I møte i fylkesutvalet 4. november 2015 i sak 109/15: Val av medlemer til nemnder o.a. vart fylgjande valt for perioden 2015 – 2019:

Medlem: Erlend Haugen Herstad (Sp)
Varamedlem: Gunn Karin Sande (Sp)

Medlem: Odd Atle Stegegjerde t (Ap)
Varamedlem: Beate Bondevik Lie (KrF)

Medlem: Wenche Røkenes (FFO)
Varamedlem: Anita /Æsøy (FFO)

Medlem: Magnus Strand (FFO)
Varamedlem: Geir Liavåg Strand (FFO)

Medlem: Bente Underthun (SAFO)
Varamedlem: Eldbjørg Lie (SAFO)

Fylkesutvalet valde i møte 4. november 2015 følgjande som leiar og nestleiar:

Erlend Haugen Herstad - leiar
Odd Atle Stegegjerdet - nestleiar

Wenche Røkenes søkte om fritak frå vervet i mai 2017. Fylkesutvalet handsama søknaden i møte 20. juni 2017, og gjorde slikt vedtak i sak 66/17:

1. Fylkesutvalet fritar Wenche Røkenes frå sitt verv i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
2. fylkesutvalet vel som ny medlem i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne:
Anita Æsøy

Fylkesutvalet vel som ny varamedlem i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne:
Synnøve Solhaugen Engen

2. Konklusjon

Dei faktiske aktivitetane rådet har delteke i kjem fram i sjølve meldinga. Rådet vil drøfte dette innhaldet på sitt møte 5. februar, og sekretariatet redigerer i etterkant meldinga og ferdigstiller den i samsvar med dei innspela som kjem fram i møtet.